

Til Alver kommune

Plan-og byggjesaksavdelinga.

Frekhaug 21.09.20

Klage på vedtak om avvising av søknad om utbetring av veg på gnr. 141 bnr. 7 og bnr. 63 i Kvam nedre.

Klagen gjeld saksnr. 933/20.

Vedtaket vert påklaga med heimel i forvaltningslova prg. §§28-36..

Vedtaket er datert 10.09.2020. Klagefrist er 3 veker frå motatt vedtak. Dvs. klagefristen går ut 01.10.2020.

Klagar er tiltakshavar ved ansvarleg søkjar.

### **Grunngjeving for klagen.**

Tiltakshavar ved ansvarleg søkjar sendte inn søknad om utbetring av støttemur for veg 8 i reguleringsplanen for Kvamsvågen. Søknaden er stadfesta motteken av Alver kommune 08.07. 2020.

Søknaden var innsendt som ein eittrinnsøknad med heimel i Plan-og bygningslova prg. 20-3. Etter Plan-og bygningslova prg. 21-7 er det fastsett tidsfristar for sakshandsamingstid for slike søknader. Dersom kommunen ikkje har avgjort søknaden innan tidsfristen på 3 veker etter motteken søknad, skal løyve reknast som gitt. Dvs. at løyvet då gjeld frå 30.07.2020.

Korkje tiltakshavar eller ansvarleg søkjar har fått noko tilsvaer frå kommunen eller nokon merknader frå andre partar før avvisingsvedtaket som er datert 10.09.2020. dvs. 8 veker etter motteken søknad. Fristen på å avgjera saka er då broten med 5 veker enn krava gitt i Plan-og bygningslova prg. 21.-7, 2. avsnitt. Vedtaket har då ikkje heimel i Plan-og bygningslova grunna at handsamingstida er overskreden med 5 veker. Vedtaket må derfor avvisast og søknaden er då sjølvsgd godkjend med heimel i Plan-og bygningslova prg. 21-3.

### **Klage på innkreving av gebyr for avvisingsvedtaket.**

Kommunen har krevd inn eit sakshandsamingsgebyr på kr. 1700,- for avvisingsvedtaket. Faktura av 16.09.20 med fakturanr. 50000708. Sidan avvisingsvedtaket ikkje har heimel i Plan-og bygningslova grunna oversetting av tidsfrist, kan det heller ikkje krevjast inn gebyr for saka. Fakturaen må derfor krediterast tiltakshavar.

### **Klage på innhaldet i avvisingsvedtaket.**

Dersom klagen på avvisingsvedtaket ikkje vert tatt til følgje, vert og sjølv innhaldet i avvisingsvedtaket påklaga. Grunngjevinga for denne klagen går fram av vedlagd tilsvaer som tiltakshavar ved ansvarleg søkjar sende Alver kommune datert 10.09.2020.

For tiltakshavar Helge Haugland.

Jens Bjordal (Ansvarleg søkjar).

